



Til kommunane i
Sogn og Fjordane og Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marte Byrkjeland, 55 57 21 02

Spørsmål om vedtak etter barnehagelova § 19 g - tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen

Vi viser til barnehagelova § 19 g, som omhandlar kommunen si plikt til tilrettelegging i barnehage for barn med nedsett funksjonsevne. Fylkesmannen er klageinstans for dei vedtaka kommunen gjer etter § 19 g, og er tilsynsmyndigheit etter barnehagelova § 9 første ledd.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Hordaland har i fleire år hatt tilrettelegging i barnehage som eit prioritert tema, blant anna på regelverkssamlingar og i tilsyn. Fylkesmannen i Vestland vil halde fram med dette arbeidet i 2019.

For å sikre målretta rettleiing og lik forståing av regelverket, har vi behov for å kartlegge kommunane sin praksis og forvaltning av den individuelle retta til tilrettelegging. Med dette ønskjer vi å få systematisk kunnskap om alle kommunane i dei to fylka. Denne innhentinga av informasjon betyr ikkje at vi opnar tilsyn. Fylkesmannen vil ikkje gje kommunane tilbakemelding om dei innsendte vedtaka stettar lovkrava, men informasjonen vil vere del av vårt grunnlag når vi utarbeider våre tilsynsplanar.

Vi ber om ei tilbakemelding på følgjande spørsmål:

1. På kva måte informerer kommunen om retta til tilrettelegging?

Vi ber om at de legg ved kopi av skriftleg informasjon til foreldre/ lenke til informasjon på kommunen sine nettsider.

2. Kor mange innmeldingar om behov for tilrettelegging har kommunen mottatt i perioden 1. januar 2018 til d.d?

3. Kor mange enkeltvedtak med heimel i barnehagelova § 19 g, har kommunen gjort frå 1. januar 2018 til d.d?

Vi ber om at de legg ved dei to siste 2 vedtaka (evt. færre dersom kommunen ikkje har hatt så mange saker).



4. Kor mange vedtak i nemnde periode er:
 - heilt i samsvar med innmeldt behov
 - delvis i samsvar med innmeldt behov
 - gir avslag på tilrettelegging

5. Kor mange klager har kommunen mottatt på vedtak med bakgrunn i denne regelen i nemnde periode?

6. Kor mange av desse klagene har fått
 - fullt medhald i kommunen
 - delvis medhald?

Merk at vedtak må sendast via sikker løysning og at desse då ikkje er nødvendig å gjere anonyme.

Vi ber om tilbakemelding **innan 15. februar 2019.**

Med helsing

Marianne Svege (e.f.)
seksjonsleiar

Marte Byrkjeland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent